

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 17/6535-2

Revisorbrev 04 - 2017

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek revisorbrev 04 – 2017 til orientering.
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å sette i gang tiltak som er kravd for å følgje opp tilrådingar og oppmodingar i brevet, deriblant:
 - a. Få på plass eit tilfredsstillande system som sikrar at renter avsett til/ført på dei bundne fonda vert i samsvar med krava til tilskotsgjevar og/eller andre gjeldande retningsliner
 - b. Få på plass gode rutinar som sikrar avstemming av kasse og bankkonti på skular og tannklinikkar.
 - c. Ferdigstille arbeidet med å få på plass eit anleggsregister som gjev tilstrekkelege opplysningar i samsvar med krava i regnskapsforskrifta § 8 og KRS nr. 9.
 - d. Sikre at budsjettvedtak om avsetting og bruk av disposisjonsfond blir vedteke med beløp, og at rekneskapsføring vert gjennomført i samsvar med kommunelova sine krav.
 - e. Fylkeskommunen må sørge for at budsjettering og rekneskapsføring av ubundne investeringsfond vert gjennomført i samsvar med kommunelova sine krav samt sikre at kolonnen for regulert budsjett i rekneskapen vert sett opp i samsvar med budsjettvedtak.
 - f. Fortsette arbeidet med oppretting av VPS-konto og VPS Investorteneste for å få lagt fram ekstern dokumentasjon for ihendehavarobligasjonslån og sertifikatlån i framtida.
 - g. Fylkeskommunen må få på plass eit system som sikrar at alle vesentlege balansepostar er avstemt og dokumentert i samsvar med Norsk bokføringsstandard (NBS) nr. 5.
 - h. Fylkeskommunen må for ettertid avstemmer rekneskapen mot aksjeoppgåva, og eventuelt gjer greie for årsaka til avvik mellom nota og aksjeoppgåva
3. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen rapportere status på arbeidet innan 1. november 2017 til SF revisjon IKS med kopi til kontrollutvalet.

Vedlegg:

- Revisorbrev 04-2017, datert 21. august 2017, frå SF revisjon IKS

Andre relevante dokument i saka:

- Revisorbrev 03-2016

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet skal sjå til at dei tilhøve som revisjonen peikar på, etter forskrift om revisjon § 4, vert følgt opp av fylkeskommunen. Dette er nedfelt i forskrift om kontrollutval § 8.

Innhaldet i føresegna inneber ei plikt for kontrollutvalet til å sjå til at skriftlege påpeikingar frå revisor vert følgt opp.

SF revisjon IKS har sendt revisorbrev 04 – 2017 datert 21. august 2017 til kontrollutvalet med kopi til fylkesrådmannen.

Etablert rutine tilseier at det vert sendt løpande nummerering av revisorbrev år etter år. Førre brev hadde nummer 03 – 2016. Revisorbrevet som i dag er til handsaming har nummer 04 – 2017. Årstalet som vert brukt er det aktuelle utsendingsåret.

2. Vurderingar og konsekvensar

SF revisjon IKS har gjeve ei revisjonsmelding utan atterhald eller andre merknadar for rekneskapsåret 2016, slik også tilfellet var for 2015.

Revisor skriv i revisorbrev 04 - 2017 at dei med bakgrunn i revisjon av årsrekneskapskapen for 2016 inklusiv årsoppgjersrevisjon ser det som tenleg for fylkeskommunen, og i samsvar med god revisjonsskikk, å kome med ei oppsummering av dei feil og manglar revisjonen har avdekkja, sjølv om dei forhold som vert tekne opp i brevet ikkje er å sjå på som vesentlege for rekneskapskapet i sin heilskap, men som er av ein slik karakter eller storleik at leiinga i fylkeskommunen vert kjende med dei. Revisor påpeikar i brevet plikta den administrative leiinga i fylkeskommunen har for å sørge for gode interne kontrollrutinar på alle viktige område, jf. kommunelova § 23 2. ledd.

Revisor sine kommentarar i revisorbrev 4 - 2017

SF revisjon har, i samband med årsoppgjersrevisjonen for 2016, følgt opp forhold som var tekne opp i Revisorbrev 3 – 2016. Dette gjeld:

- a. Bundne fond og renter
 - Revisor har gått gjennom midlar ståande på bundne fond. Renter skal tilleggas det einskilde fond dersom fylkestinget har gjeve retningsliner for det eller det har vore eit eksplisitt krav frå tilskotsgjevar. Revisor har funne fleire konti der det ikkje er ført renter, og har etterspurt fylkeskommunen sine retningsliner for dette. Revisor har ikkje motteke slike retningsliner, og vurderer systema til fylkeskommunen, som skal sikre at renter blir avsett/ført på dei bundne fonda, til ikkje å vere tilfredsstillande.
- b. Avstemming av kontantkasse og omsetning på tannklinikkane og dei vidaregåande skulane.
 - Revisor syner til revisorbrev tidlegare år der mangelfulle rutinar ved avstemming av kasse og bankkonti på skular og tannklinikkar har vore påpeika. Revisor skriv i revisorbrev 4 – 2017 at ein framleis finn ein del mangelfulle avstemmingar.
- c. Førning av anleggsregister
 - Revisor har, på bakgrunn av tidlegare års merknadar i revisorbrev angåande anleggsregister, gjort ei ny vurdering. Det kjem fram av anleggsregisteret kva tannklinikk, veg og skule investeringane gjeld. Revisor skriv i brevet at det er ei klar forbetring at spesifisering av årleg gjennomføring av investeringane er på plass, men at oppdeling av anleggsregisteret i kvart anleggsmiddel/lokasjon i staden for årstal ville gitt eit meir oversiktleg anleggsregister. Revisor rår fylkeskommunen til å fortsette arbeidet med å få til eit anleggsregister, som gjev tilstrekkeleg informasjon i samsvar med krava i rekneskapsforskrifta § 8 og KRS nr. 9.

SF revisjon har i tillegg peika på følgjande forhold i revisorbrev 4 – 2017:

- d. Avvik mellom avsetting til, og budsjettering av disposisjonsfond i driftsrekneskapen.
 - Revisor skriv at fylkeskommunen for seinare år må syte for at alle budsjettvedtak om avsetting og bruk av frie fond blir vedteke med beløp, og at rekneskapsføring vert gjennomført i samsvar med kommunelova sine krav.
- e. Avvik mellom avsetting til, og budsjettering av, ubundne investeringsfond. Det same gjeld for bruk av ubundne investeringsfond.
 - Fylkeskommunen må sørge for at budsjettering og rekneskapsføring av fond vert gjennomført i samsvar med kommunelova sine krav samt sikre at kolonnen for regulert budsjett i rekneskapen vert sett opp i samsvar med budsjettvedtak, skriv revisor i brevet.
- f. Ekstern dokumentasjon av langsiktig gjeld.
 - I følgje revisor manglar dokumentasjon på ekstern stadfesting på ihendehavarobligasjonslån og sertifikatlån, som tilfredsstillar krava i bokføringslova. Revisor skriv vidare at det er viktig å få oppretta VPS-konto og VPS Investortjenester for slik type lån eller mellomverande. I følgje rekneskapsansvarleg arbeider ein med dette.
- g. Kontrollspor av balansepostane
 - I følgje bokføringslova § 6 skal alle bokførte opplysningar lett kunne følgjast frå dokumentasjon via spesifisering fram til rekneskapsrapportering. Det er ikkje lagt fram dokumentasjon over alle balansepostane som synte eit kontrollspor, slik det er kravd i lova. Revisor skriv i revisorbrev 4-2017 at fylkeskommunen må lage seg eit system som sikrar at alle vesentlege balansepostar er avstemt og dokumentert i samsvar med Norsk bokføringsstandard (NBS) nr. 5.
- h. Verdien av fylkeskommunen sin aksjeportefølje avstemt mot aksjelova
 - Revisor skriv at det ikkje er samsvar med oversikt over fylkeskommune sine aksjar i note 5 i rekneskapen og det som står i aksjeoppgåva for 2016. Revisor foreslår at fylkeskommunen for ettertid avstemmer rekneskapen mot aksjeoppgåva, og eventuelt gjer greie for årsaka til avvik mellom nota og aksjeoppgåva.

3. Konklusjon

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å be fylkesrådmannen om å sette i gang naudsynte tiltak for å følgje opp tilrådingar og oppmodingar i Revisorbrev 04-2017.